

Valprogram Stord Venstre 2023-27



1. Geir Angeltveit, 2. Camilla Elen Berg Larsen, 3. Knut Eide Løkhammer

Saman tar me Stord Framover!

Kjære stordabu. 11. September er det val. Me i Stord Venstre er glad for at du tar deg litt tid til å sjå kva me vil ha på dagsorden og gjere av endringar på Stord.

Venstre sine verdiar - Om du vil ha ei enkel linje på kva Venstre står for, gir me deg denne:

Me skal alle ha makt over eigne liv – uavhengig av alder, kjønn,
tru, livssyn, livssituasjon og bakgrunn.

Dette gjer Venstre til eit liberalt parti. Kvar og ein har ein individuell fridom.

Den neste linja me vil gi deg er denne.

Dei av oss som treng samfunnets hjelp til å leve eit verdig liv, skal få det
Dette gjer Venstre til eit sosialliberalt parti.

Kvar og ein har ansvar for eigne val, og me skal i fellesskap støtte opp kring dei som treng hjelp. Samstundes som me tar ansvar for vårt lokalmiljø og vår påverknad på det.

Med gode verdiar og tydelege og ærlege prioriteringar er det me kan bygge eit godt og framtidssretta lokalsamfunn.



OPPVEKST OG UTDANNING

Venstre skal gjennomføra eit reelt løft i Stord-skulen, som tar lærarar og elevar på alvor. Utvikling av oppvekstsektoren handlar om å prioritera sektoren både under og etter valet, det har me vist gjennom budsjett og prioriteringar at me gjer.

Venstre vil prioritera oppvekst, det styrkar fellesskapet og individet.

Ein god oppvekst er nøkkelen til å løyse andre utfordringar innan klima, næringsomstilling og helse- og omsorgsoppgåver. Stord Venstre ønsker å gjere kommunen til ein av landets fremste oppvekstkommunar. Ein god oppvekst er ei investering for livet, og styrkar individet og fellesskapet, gir inkludering og livsglede. Samt at det er nøkkelen for å lukkast med nær sagt alle andre utfordringar me står ovanfor. Tilbodet til born og unge må ikkje reduserast, men utviklast og styrkast.

Inkludering skal vere gjennomgåande i aktivitetstilbodet i Stord Kommune. Born og vaksne skal inkluderast i aktivitetar og møteplassar som skapar venskap, kjennskap og tilhøyrslle.

OPPVEKST

Kommunen tilrettelegger også for gode oppvekstvilkår gjennom mange andre områder.
Kommunen må nytte makta si til å ivareta den oppveksande generasjonen.

- Arrangera årlege foreldrekonferansar for å sikra medverknad, informasjon og merksemrd rundt viktige saker for born, unge og oppvekstsektoren
- Styrka drift av skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom, og arbeida med YAM, for å ta ungdoms psykiske helse på alvor
- Tilby forebyggande foreldrerekurs til førstegangsfødande foreldre
- Etablera leikeplassar som nærparkanlegg, med sosiale møteplassar på tvers av generasjonar, med attraktive og naturlege leikeareal.
- Oppretta eit fond for rehabilitering og vedlikehald av leikeplassar i kommunen der velforeiningar mm kan søka om pengar til vedlikehald
- Sørgja for at born og unge får meir opplæring om lokalsamfunnet gjennom skule og barnehage
- Etablera ein interkommunal Barnevernvakt

BARNEHAGE


Ein god barnehage er viktig for barnets sosiale utvikling, leik og livsglede. Gode barnehagar jamnar ut forskjellar, og gir borna eit godt utgangspunkt. Venstre ønsker ein god barnehagestruktur for familiane, og sikra at alle born får høve til å gå i barnehage.

- Sikre fleire opptak til barnehagane i året, så ein slepp gå månadsvise å venta utover det ein ønsker, og dermed betre kan tilpassa familiesituasjonen
- Sikra kommunale barnehagar, ivareta ei god fordeling mellom dei kommunale og private
- Ivareta den gode pedagogettleiken og redusera sjukefråvær gjennom styrka grunnbemanning

- Sjå muligheita for betre tilvenning i barnehagen, til dømes gjennom «Liten og ny i barnehagen»
- Alle tilsette i skule- og barnehage skal få kompetanse på avdekking av omsorgssvikt og seksuelle overgrep. Planar og ressursar skal vere kjente og tilgjengelege for alle

SKULE

Born og ungdom i Stord-skulen skal få tileigna seg kunnskap, evner og kompetanse for livet. Me må sikra at dei gode tilsette får gode rammer og tid til å vere lærar. Det er delar av oppskrifta for ein oppbyggande skulekvardag. Venstre har og vil halda fram å prioritera ressursar til skulen, i både ord og budsjett. Ein framtidsretta skule treng framtidsretta styring.



Derfor vil Venstre:

- Styrka skulen gjennom å frigjera læraren frå ressursmangel og tidstjuveri
- **Elevane skal møta ein leksefri skulestart i Stord-skulen, normen i småskulen skal vere leksefri**
- Samarbeida med tilsette og foreldre om leksebevisst skule; sikra meiningsfulle lekser som ikkje vert ei stor byrde i familiar, og er mogeleg å gjere sjølvstendig utan å ta frå lærarane dei pedagogiske verkemidla og kontakten mellom heim og skule
- Ha fleire yrkesgrupper inn i skulen, mellom anna tilsette miljøterapeutar i skulane
- Sikra utbygging av Langeland og Leirvik skule
- Styrka elevressursen, slutta med utarming av Stord-skulen
- Sikra tilstrekkeleg administrasjonsressursar til skulane slik at leiinga har tid og kompetanse til å følgje opp lærarane og elevane
- Sikra gode rammer og forståing rundt §9a-saker slik at skulane er trygge i møte med utfordrande situasjoner
- Redusera mobilbruk og distraksjonar frå sosialt samvære i undervising- og fritida, ha forsøksprosjekt med mobilfri skule, og tilgjengeleg 'mobilhotell' for å legga mobilars vekk
- Ha ei kritisk gjennomgang av oppgåver og kjerneoppdraget i Stord-skulen, med sikte på å dempa arbeidsbyrden for rektorar og lærarar. Ikkje tillegga nye oppgåver utan dialog
- Sikra leiarutviklingsprogram for utdanningssektoren med mål om å utdanna eigne rektorar mm
- Vidareutvikla SFO om til Aktivitetsskule å gje dei tilsette ressursar til å tilrettelegga for meir aktivitetsmangfold, redusera kostnad og sikra tilbod til born med spesielle behov på alle trinn
- Ha meir fysisk aktivitet i skulekvardagen og skulevegen, og det skal vere tak over sykkelparkeringane ved barne- og ungdomsskulane på Stord
- Sikra gode seniortiltak slik at dei som ønsker og kan stå lengre i jobb i skulen får høve til det, for mange gode folk sluttar for tidleg
- Sikre tilstrekkeleg med ressursar til å ha eit organisert tilbod til elevar som ikkje føler dei passar inn i den vanlige skulen, t.d. med uteklasserom og utvida aktivitetstilbod
- Sikra tilgong til fysiske læremidler
- I større grad bistå skulane med å tilrettelegga for elevar med særskilde behov, til dømes dysleksivenleg skule
- Sikre at nye oppgåver vert følgt av ressursar og tilrettelagt tilgjengeleg kompetanse
- Sikre at alle elevar og barn i skule og barnehage får ta del i Newton modulane som Stord kommune har kjøpt inn

- Stord kommune skal ha gode trygge skulebygg, difor må ein sikra føremålstenlege skulebygg og ein langsiktig skulestruktur
- Sikra trygge skulevegar rundt alle skulane, t.d. rundkøyring og åtskilt myke trafikantar ved Leirvik Skule og Tjødnalio skule
- Sikre naudsynte lærarressurar til Newton opplæring
- Støtta opp om Entreprenørskap og UngTekno i Stord-skulen
- Oppmoda til meir koding og programmering som tilbod til born og unge

UTDANNINGSBYEN STORD

Stord kommune skal vere ein god stad å vere student, folkehøgskule-elev eller å ta fagbrev og fagutdanninga si. Venstre vil at:

- Kommunen skal sjølv nytta seg av lærlingar, og oppmoda verksemder i Stordsamfunnet om å vere lærlingebedrifter
- Kommunen skal ta inn lærlingar, og ha lærlingar som krav i dei kontraktar ein kan
- Sikre at lærlingane i kommunen får god fagleg oppfølging og blir godt inkludert i arbeidsmiljøet
- Tilrettelegga for studentaktivitetar og mobilitet av studentar ved høgskulen
- Vere ein aktiv støttespelar for folkehøgskulen i si etablering og vekst i kommunen
- Velje å samarbeida med HVL Stord i kurs og vidareutdanning mm der dette er mogeleg
- Studentar som bur her skal vere inkludert og invitert til å delta i lokalsamfunnet

DET GRØNE SKIFTET



Menneskelege utslepp forandrar atmosfæra og forureinar lokalt og globalt. Som ein viktig industrikommune må me vere med å ta vårt ansvar for å sikra det grøne skiftet og ein ansvarleg forvaltning av miljøet vårt.

Saman skal me gjera kommunen til ein ambasadør for det grøne skiftet, i eigen organisasjon og i lokalmiljøet gjennom å setta ambisiøse og klåre mål for klima og miljø, **som skal følgjast**.

KLIMA

- Det skal utarbeidast eit klimaregnskap til årsbudsjettet, med ein klimahandlingsplan som viser korleis me når våre utsleppsmål
- Redusera energiforbruket i kommunale bygg og byggeprosjekt. Nye kommunale bygg skal nytta fornybare energikjelder der dette er mogeleg
- Halda fram med å elektrifisera bilparken i kommunen, ved å legga til rette for fleire ladestasjonar og elektriske tenestebilar i heile bilparken
- Etablera solcellepanel på kommunale bygg kor tilhøva gir meinings (Kulturhuset, sjukeheim, NAV osb)
- Nytt Klimasats-søknader til målretta lokale tiltak
- Stillar strenge klima- og miljøkrav i våre anbodsutlysingar
- Sikra god energiøkonomisering, og implementera teknologi og løysingar som reduserar energiforbruket i bygg og anlegg
- Vere pådrivar for grøne industrialsingar saman med industrien på Stord
- Beredskap i møte med ekstremvær og klimaendringar må styrkast, kommunen må i utforming av areal, dimensjonering av drenering og liknande tilrettelegga for auke i ekstremvær

MILJØ OG BEREKRAFT

Det er viktig å arbeida med haldningar og kunnskap for å førebyggja forureining i nærmiljøet. Me må etablera gode berekraftige vaner og tilrettelegga for at det er mogeleg å ta berekraftige val i kvardagen.

For å vri Stord-samfunnet i meir miljøvenleg og berekraftig retning vil Venstre:

- Ha offentleg plastinnsamling gjennom SIM på friluftsområder
- Stillar miljøkrav i offentlege innkjøp som skal følgjast, Kommunen skal bruka si innkjøpsmakt til å velja berekraftige varer og tenester
- Kreva og tilrettelegga for at utbyggjarar bygg meir i høgda, istedenfor lange flate lagerbygg på ein etasje (ala Biltema), og slik redusera presset på ubrukt natur
- At nye og rehabiliterde fotballbanar skal vere utan forureinande plastgranulat
- Aktiv bidragsytar til plastinnsamling og arbeidet mot forsøpling. Bruka kommunen sin påverknad inn i SIM til å ivareta gode ordningar for dette
- Vidareutvikla Sykkelen Stord og Stord som gangbar tettstad
- Redusera vegetasjonen på Hystadøyene og andre aktuelle øyer for å tilrettelegga for hekkande sjøfugl
- Nyttar grøne energiløysingar i kommunale bygg og nybygg

- Kommunen skal ta objektive og praktiske val for å sikra dyr- og insektmangfald
- Samarbeida med landbruket og grunneigarane om god naturforvaltning og god ivaretakelse av kulturlandskap, og arbeida mot flathogst
- Visa varsemd med lysforureining ved utplassering av lyssetting
- Iwareta viktige landbruksområder og matjord
- Sikra at innbyggjarane ikkje vert plaga av unødvendig lukt og støy

DYREVELFERD

- Dyrevelferd og dyras beste skal verdsetjast og prioriterast i alle saker der dyr er involvert.
Støtta opp om frivillig arbeid
- Støtte til kastrering av kattar
- Støtta opp om eit dyrevenleg samfunn, og bidra til informasjon rundt førebyggjing av sjukdom og smitte blant dyr
- Stord kommune skal vere ein fyrverkeri-fri kommune, og tilrettelegga for å erstatta dette med andre formar for feiring som bål, laser, bobler eller anna kreativt

ULIK HELSE – ULIKE BEHOV

Venstre ønsker å **sikra våre eldre ein verdig alderdom**, samstundes som me tilbyr **tenester av kvalitet og tek i vare dei tilsette** på ein god måte. Dei tilsette er nøkkelen til gode tenester, og Stord slit med rekrutteringa av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og fastlegar. Dette rammar alle og er noko me tar på høgste alvor. Me vil redusera sjukefråværet gjennom å gjera arbeidsforholda og -miljøet betre. Me vil ha som mål at flest mogeleg skal kunna bu heime så lenge dei ønskjer og kan

HELSE- OG OMSORGSTENESTER

- Snu den vonde trenden i rekruttering og arbeidspress i helse og omsorgssektoren gjennom rekrutteringskampanjar kor ein tilsett fleire samstundes samt omorganiserer til det beste for eksisterande og nye tilsette
- Bygga ny sjukeheim som skal stå klar i 2026
- Kombinera aktivitetstilbod til eldre med tenester for andre grupper
- Førebygging og rehabilitering skal prioriterast - heimeteam med fokus på rehabilitering
- Tilsetja aktivitør med fokus på aktivitet og fritid, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Ivareta brukarmedverknad og god informasjonsflyt i kommunen
- Ta dei tilsette sine utfordringar på alvor, revitalisera arbeidsmiljøet i institusjonane gjennom eit felles løft, nyrekruttering og målretta arbeid med sosialisering, opplæring og arbeidsmiljø
 - Styrka grunnbemannninga som konsekvens av opprekruttering
 - Tilrettelegga for at pensjonistar/uføre kan nytta restarbeidsevna
 - Løfta inn ufaglærte som assistenter
 - Tilsettingsbonus for nyttilsette mot bindingstid
- Sikra gode seniortiltak slik at dei som ønsker og kan stå lengre i jobb i helse får høve til det
- Gode og funksjonelle omsorgsbustader i god kvalitet
- Sette av areal i arealplanen for bustadskompleks med alderdomstilpassing
- Sikra god kvalitet på maten som vert servert og etablera produksjonskjøkken
- Ha meir utstyr tilgjengeleg på institusjonane for å sikra at dei tilsette kjenner seg tryggast mogeleg på å kunna gje forsvarleg behandling
- Nytte velferdsteknologi til å letta arbeidsdagen for tilsette og betra tryggleiken for dei omsorgstrengande
- Oppretthalda tilbodet ved Stord sjukehus som eit fullverdig lokalsjukehus med akuttmottak og fødeavdelinga
- Gjere søknads og informasjonshandteringa til kommunen enklare tilgjengeleg, forståeleg og lesbar
- Utarbeida kompetanseplanar på einings- og avdelingsnivå for å sikra at det blir tilbudt målretta opplæring til dei tilsette
- Sikra gode brukarmedverkad-system for å henta inn erfaringar frå tenestemottakarar og deira pårørande
- Ha 100% kreft-koordinator, og tilrettelegga for gode berørtegrupper innan kreft, endometriose, demens osb
- Sæbø gard skal ha sikra drift, me vil vera pådrivar for å vidareutvikla tilbodet til beste for brukarane
- Tilrettelegga for eldre-kollektiv som eit nytt bustadstilbod



PSYKISK HELSE

Psykisk helse er ein hjartesak for oss i Venstre, og ei stor utfordringane i dagens samfunn. Det er smertefullt å tenke på kor mange menneske som vert råka av psykiske lidingar utan å få den naudsynte hjelpa dei treng. Som sosialliberale politikarar kjenner vi eit sterkt ansvar for å sikre at kommunane tar på seg ansvaret for behandling av lette til moderate psykiske plager. Me kan ikkje akseptere at folk vert utestengde og står åleine i kampen, på grunn av manglande ressursar og støtte. Det er vår oppgåve å grave djupt og finne løysingar som verkeleg gjer ein skilnad. Psykisk helse må vere ein høg prioritet, slik at alle kan få den hjelpa dei fortener for å leve eit verdig og lykkeleg liv.

- Utvida tilbodet med kommunepsykolog, som eit lågterskeltilbod
- Sikra Rask Psykisk Helsehjelp – 48t responstid
- FAC-team etablering i Stord / Sunnhordland – Oppsøkande helse og omsorgstilbod
- YAM-program retta mot ungdom med fokus på sjølvmordsførebygging
- Sikra oppsøkande kontakttilbod retta mot ungdomsmiljøa
- Styrka drift av skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom, for å ta ungdoms psykiske helse på alvor

FOLKEHELSA

God folkehelsa styrkar livsglede, psykisk og fysisk helsa. Styrka folkehelsearbeid inn mot born og unge. Arbeida for å bistå til gode livsstilsvaner i tidleg alder.

- Ha fritidsklubar i alle bydelar
- Sikra folkehelsekoordinator i full stilling
- Tilrettelegga for sosiale møteplassar og inkludering for å motverka einsemd
- Kommunen skal vere pådrivar og ambassadør for vaksinering og barnevaksinasjonsprogrammet
- Støtta opp om og vere medarrangør til Folkehelsedagane - Folk i Sentrum samt Sunnhordland Maraton som eit årleg arrangement
- Sikra rekruttering av støttekontaktar gjennom gode ordningar
- Gode tenester til personar med funksjonsutfordringar

RUSOMSORG

Venstre argumenterer for ein omsorgsfull tilnærming i staden for straff og moralisering når det kjem til personar som slit med rusavhengigkeit. Det handlar om å ivareta folk si verdigkeit og grunnleggjande rettar, samt sikre tilgang til nødvendig behandling. Ved å investere i rusomsorg og tilby effektive behandlings- og rehabiliteringstilbod, kan me **bryte negative syklar og gi menneske ein ny start**. Venstre er forplikta til å jobbe for ein rusomsorg som tek omsyn til menneske sine behov, skapar positive samfunnseffektar og fremjar medmenneskelegheit og inkludering.

- Styrka tilboda til rusavhengige i kommunen - Maris, Kirkens Bymisjon, mm
- Skapa ein lokal rusreform
- Støtta opp om rusførebyggjande arbeid. Rusavhengige skal få hjelp og ikkje straff
- Meir tverrfagleg arbeid innan rus
- Etablera oppsøkande team innan rus og psykisk helse

FRIVILLIGHEIT

Kommunen skal verdsette og anerkjenne dugnadsarbeid.

- Kommunen skal vere ein økonomisk støttespelar inn mot frivillige lag og organisasjonar
- Kommunen skal vere forsiktig med å pålegga frivilligheita arbeidsoppgåver, men la frivilligheita utvikle seg sjølv og naturleg
- Jobba for at fleire engasjera seg i frivillig arbeid, i samspel med lag og organisasjonar
- Sikra drift av Leirvikstova og lokaler

BYUTVIKLING, NÆRINGSLIV OG SAMFERDSLE

Stord som regionsenter i Sunnhordland skal forvalta og stø opp om tenestene som ligg her, og vere tydeleg på dette ansvaret me har på vegne av regionen. Stord er og skal vere både eit trafikalt knutepunkt, og ein treffstad i regionen.

NÆRINGSUTVIKLING OG LANDBRUK

Kommunen skal vere optimistar til nyetableringar og oppmoda folk om å ha tru på ideane sine, for å styrka kommunens attraktivitet for nye arbeidsplassar og etableringar

- Kommunen skal gje tilbod om råd til alle gründerar og entreprenørar som ønskjer å starta ny verksamhet i kommunen gjennom Atheno
- Samarbeida med næringslivet for å skjerpa kompetansen innan IKT og nye teknologiske løysingar
- Sikra tilgjengelege næringsareal til framtidige nye utbyggings- og industriprosjekt
- Tilrettelegga for å bygga meir i høgda, for å konsentrera næringslivsaktivitet og handel, samt skåne natur
- Etablira regional plast- og tekstilgjenvinningsenter på Stord gjennom SIM
- Tilsetta ein interkommunal næringssjef i Sunnhordland
- Støtta opp om lokal matproduksjon og landbruk
- Samarbeida med næringslivet på utvikling av Stord som hydrogen-base
- Skapa fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar gjennom eigne tiltak, «Helt med!» og samarbeid med næringsliv og eigen organisasjon, og bidra til at fleire med psykisk utviklingshemming får nytte sin arbeidsevne og delta i samfunnet

BYUTVIKLING OG SAMFERDSLE

Stord skal utviklast vidare som ein moderne, triveleg og innhaldsrik by og regionsenter. Kommunen treng ein smart byplanlegging tilrettelagt for oss som bur her.

- Renovera kulturhuset ved å flytta symjeanlegget til nytt anlegg på Vikahaugane, ruste opp Kulturhuset, med bibliotek, fritidsklubb og konsertsal/black-box
- Etablira trygge skulevegar, samanhengande gang og sykkelstiar i kommunen
- Erstattar noko av busstilbodet med bestillingbuss, som eit meir tilgjengeleg, nyttig og fleksibelt kollektivtilbod
- Arbeida for betre kollektivtilbod i Stord og Sunnhordland, med betre og meir påliteleg korrespondanse og reduserte utslepp
- Laga til ny bryggepark i Leirvik gjennom å flytta kollektivterminal og parkeringsplassar
- Etablere samanhengande gang- og sykkelsti langs Litlabøvegen
- Sikra utbygging av Hordfast på midtre trasé, val av skånsame løysingar i tråd med Statens Vegvesen si konseptvalutgreiing
- Tilrettelegga Sørstokken Flyplass for elektriske fly
- Sikra betre kollektivtilbod og sikrare korrespondanse gjennom samarbeid med fylkeskommunen
- Sikra ei god tilknyting for Leirvik som rutebåthamn
- Sikre gode transportårer til og frå Stord og regionale tenester
- Reservera offentlege parkeringsplassar til Bildeling
- Bygga meir i høgda istadenfor at nyetableringar unødvendig breier seg ut over store områder når det kan leggast på fleire plan

- Bustadsfelt og tomter i kommunedelplanen fordelt i ulike bydelar for å ivareta sunn og fornuftig busetjing fordelt i kommunen
- Arbeida for kommunesamanslåing med og rundt Stord
- Iwarete 100-meters skogar og naturlege skiljer mellom gammal og ny busetnad
- Sikra vidare gode driftsforhold for utelivsbransjen
- Støtta opp om busetjing og næringsutvikling på Huglo, og vere fleksible for å sikra at fleire kan etablera seg der
- Endra skiltforskrifta i kommunen for å ønska unike og dekorative butikkskilt tilbake til sentrum framfor dagens flate plastfirkantar

ADMINSTRASJON, LEIING OG ØKONOMI

Drifta av kommunen skal tuftast på sunn økonomisk styring med eit fornuftig overskot.

- Kommunen skal respektera og bygga på «trepartssamarbeidet», og stø opp om dette i Stordsamfunnet.
- Redusera andelen ufrivillig deltidsarbeid og arbeida målretta for føreseielege arbeidstilhøve
- Legga til grunn ‘samspelsentrepirer’ i offentlege byggeprosjekt, der byggherre, rådgjevar/prosjekterande og utførande entreprenør saman kan utvikla prosjekta til det beste for brukarane
- Avgifter i Stord kommune skal vera på eit berekraftig og fornuftig nivå, som sikrar trygt vatn og vedlikehald av infrastruktur
- Digitaliseringssstrategi i kommunen for å forenkle rapportering og papirbruk
- Sikra direktesending av formannsskap- og utvalsmøter

EI GOD FRITID PÅ STORD

Stord skal vere byen for fantastisk fritid. Det skal vere eit mangfald av tilbod og anlegg til lag og organisasjonar, offentleg, frivillige, eller eigenorganiserte. Venstre si kommunegruppe vil vera aktiv støttespelar til eit mangfald av tilbod og til entusiastar som vil skapa ein fritidsaktivitet for seg sjølv og andre.

KULTURLIV

Stord kommune må vere medspelar for venelag og laug som arbeidar med lokale prosjekt.

Saman skal me tilrettelegga for eit breidt og mangfaldig kulturliv.



- Utvikla Kulturhuset som eit kulturell møteplass med aktivitetar tidleg og sein, eit lokale for opplevingar, læring, samhandling, utforskning og utfolding – flytta bassenget til Vikahaugane, etablera konsertsal, fritidsklubb mm i kulturhuset
- Redusera halleiga til lag og organisasjonar, slik at meir av dugnadstimane kan nyttast på å skapa gode arrangement og aktivitet med born og ungdom
- Samarbeida med det lokale næringslivet og lag og organisasjonar rundt kultur- og idrettsarrangement i kommunen
- Arbeida for at Festspillene i Bergen etablerar satellittframsyning på Stord (Gruvene, Vidsteenparken el.)
- Satsa på Frivilligsentralen og folkehelsekoordinator som ei kjelde til fritidstilbod, aktivitet og engasjement i kommunen
- Kommunen skal vere proaktiv til å vidareutvikla museumstilboda gjennom Sunnhordland Museum og «Nye Sunnhordlandstunet»
- Alle innflyttarar til Stord Kommune skal bli møtt med ein velkomst til kommunen og bli informert om lag og organisasjonar, og invitert til å delta i det rike kultur- og idrettstilbodet
- Etablira 100 nye elevplassar i Kulturskulen, sikre at alle som ønsker eit tilbod får tilbod om eit tilbod
- Utvida opningstida på fritidsklubbane, til å tettare følgja skuleåret
- Me vil etablira ein ny fritidsklubb i tilknyting til Leirvik-Nordbygd aksen
- Tilby delar av Kulturskuletilboden i bydelane
- Etablira ein Folkeverkstad, etter modell frå BUA, med gratis utleige av verktøy og utstyr i tillegg til tilgjengeleg verkstad/sløyd-område
- Folkehelse & barn og unge vert prioritert gjennom anleggsutvikling
- Sikra areal til leik i natur og barnetråkk i ny arealplan
- Vidareutvikla og styrka Stord som nynorskkommune
- Meir kunst i det offentlege rom, profesjonell og amatørkunst skal ha positive forhold for å sikra opplevingar og utøving for alle
- Likestilling mellom Livssyn- og Trussamfunn

IDRETT

- Arbeida for å utvikla Skeisebanen til Ishall
- Støtta sykkelklubben i arbeidet med å etablira Stord som regionsenter for sykkel i region vest
- Tett samarbeid med Idrettsrådet rundt drift og etablering av idrettsanlegg
- Ha anlegg for eigenorganiserte aktivitetar innan t.d. basket og frisbee-golf

- Aktivt støtta opp om arrangement i Stord-samfunnet og vere på tilbodssida og samarbeidspartner for at desse skal bli bra. (Handballfestivalen, Puttefestivalen, Solid-cup/Kiwi-Bama-cup, mm)

FRILUFTSLIV

Venstre ønsker å tilrettelegga for å kopla generasjonar saman i gleda over friluftslivet.

- Betre tilkomst til Heio i samarbeid med grunneigarar, skigruppa, turlaget og andre brukargrupper
- Re-establera dei kommunale delane av Hystadøyane som attraktive hekke, frilufts- og rekreasjonsområde
- Skapa fleire sosiale møteplassar ute i fri natur. Vedlikehalda, utvikla og oppgradera eksisterande anlegg, som Sponavikjo mm
- Nytt friluftslivet som ein møteplass i integreringsarbeidet
- Knytta turvegnettet til sentrum
- Støtta opparbeidninga av fleire turvegar i Stordsamfunnet, til dømes få på plass rundløypa rundt Storavatnet med Bru over Kråkesundet i Storavatnet for å knyte saman Landåsen/Valvatna(Nysæterneset) og Almåsskogen